

På jakt etter elg i hjortekommunen.

27.07.2017



Desse ungdommene var imponert over naturen og håpa å sjå elg.

Onsdag kom eg i prat med ein ungdom frå Holland då han skulle kjøpa kaffi på kaffiautomaten på SPAR. Det viste seg at han var i følgje med to jamaldringar (20 år), og då vi kom ut med kaffen stod dei to med kartet bretta ut over bilen for å bestemma seg for kor ruta skulle gå vidare.

Den eine av dei tre var røyrleggar, medan dei to andre var studentar, - den eine studerte fysioterapi og den andre heldt på med landmåling. Dei fortalte at dei var frå Kinderdijk like i nærleiken av Rotterdam. Dei var på ein roadtrip i Norge og la opp ruta etter kvart. Dei skulle feriera her i landet i to veker.

Dei var trekt hit på grunn av naturen, og som alle andre var dei begeistra over dei bratte, ville fjella. Det var mest som eg såg tårer i augo på dei då dei snakka om det flate heimlandet sitt. Dei hadde spesiell interesse for ville fuglar og dyr, og draumen var å få sjå elg på turen. Eg måtte då fortelja at det var nok vanskeleg å oppfylla her i bygda, men då eg fortalte at Kvinnherad var største hjortekommunen i landet, fall det verkeleg i interesse.

Dei hadde kome til Kristiansand sist fredag, og hadde mellom anna vore i Stavanger og på Prekestolen og i Odda. No var dei klar for Bergen. Dei budde i telt på turen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.